




Tingvoll, 19.11.2023

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
sfmrpost@statsforvalteren.no

SKOGRYDDING – RV. 70 - GYLHAMRAN NATURRESERVAT

Underteikna passerte Gylhamran naturreservat i dag. Der har det gått føre seg skogrydding langs riksveg 70. Det blei tatt nokre bilete, to frå nordsida av Vulviktunellen og eitt på sørsida.







Ved sjekk mot reservatgrensa på Gislink ser det ut som ryddinga har gått føre seg også inne i naturreservatet.

Naturvernforbundet ønskjer å få vite om det har vore vurderingar hos Statsforvaltaren på dette ryddeprosjektet, med omsyn til at veggrunnen truleg grenser mot naturreservatet.

Elles kan ein på det siste biletet sjå at ei litt spesiell alm som står rett bak furua litt til venstre for midten av biletet akkurat har unngått ryddinga. Som følgje av ei telefonline har denne alma blitt «styva» og bør truleg passast på spesielt.

Med helsing

Øystein Folden
leiar